



OSTERØY
KOMMUNE

Møteprotokoll

Formannskapet

Møtedato: 14.02.2024
Møtetid: 13:00 -16:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	medlem	SP
Ann Kristin Borge	medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	medlem	H
Kim Andre Hartveit	medlem	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ragnar J Tyssebotn		FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Kommunedirektøren, politisk-adm. sekretariat, kommunalsjefen for O.U.K og leiar for kultur og mangfald

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 7/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/24	Godkjenning av møtebok
PS 9/24	Referatsaker og meldinger
RS 7/24	Uravstemming Hovudavtalen
RS 8/24	Osterøy kommune - planlagt kommunebesøk juni 2024
RS 9/24	Signert protokoll - forhandlinger HTA kap. 3.4.1
RS 10/24	VS: Til orientering: Statnett har sendt melding til NVE om ny 420 kV forbindelse Samnanger - Øygarden
PS 10/24	Oppgradering av Osterøy ungdomsskule
PS 11/24	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral
PS 12/24	Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd
PS 13/24	Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial
PS 14/24	Prestekaia på Hamre
PS 15/24	Innspel til KS debatthefte 2024
PS 16/24	Årets Ostring
PS 17/24	Andre saker/spørsmål

Lars Fjeldstad

Ordfører

PS 7/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 7/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Ordføraren varsla sak til slutten av møte om førespurnad frå industri- og næringslaget om å etablere bompenger på Osterøy.

Sebastian Haugland, H, varsla to spørsmål til slutten av møte, om planstrategi og ein stillingsutlysning.

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 7/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 8/24 Godkjenning av møtebok

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 8/2024 Godkjenning av møtebok:

Det var ingen merknader til møtebok.

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 8/2024 Godkjenning av møtebok:

Møteprotokoll frå 22.11.2023 vert godkjend

PS 9/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 9/2024 Referatsaker og meldinger:

Det var ingen merknader til referatsakene.

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 9/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert teken til vitande.

PS 10/24 Oppgradering av Osterøy ungdomsskule

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 10/2024 Oppgradering av Osterøy ungdomsskule:

Sebastian Haugland, H, sette fram slikt utsettingsframlegg: "Oppgraderinga av OUS blir utsett til etter mogelegheitsstudien blir lagt fram for Heradsstyre."

AVRØYSTING UTSETTING:

Utsettingsframlegget fell 3 røyster (2FRP, H) mot 4 røyster.

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert vedteke - 4 røyster mot 3 røyster (2FRP, H)

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 10/2024 Oppgradering av Osterøy ungdomsskule:

Heradsstyret tek oppgradering til Osterøy ungdomsskule til vitande. Kommunedirektøren blir beden om å iverksette oppgradering slik saksutgreiing ligg føre.

**PS 11/24 Avtale om administrativt
vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune,
Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim
kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune
om felles legevakt og legevaktsentral**

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 11/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 11/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral:

Heradsstyret vedtek avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral

PS 12/24 Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 12/2024 Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd:

AVRØYSTING:

Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 12/2024 Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd:

Heradsstyret vedtek å auke festeavgifta til kr 550,- pr. år pr. grav, samt auke avgift ved reservasjon av grav i inntil 20 år til kr 6000,-, gjeldande frå 1. januar 2024

PS 13/24 Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 13/2024 Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial:

AVRØYSTING:

Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 13/2024 Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial:

Heradstyret vedtek forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial ut 2024

PS 14/24 Prestekaia på Hamre

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 14/2024 Prestekaia på Hamre:

AVRØYSTING:

Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 14/2024 Prestekaia på Hamre:

Osterøy kommune reparerer ikkje Prestekaia på Hamre, eller set i stand området rundt kaia, før 1000 års jubileet for Hamre kyrkjestad i mai 2024.

PS 15/24 Innspel til KS debatthefte 2024

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 15/2024 Innspel til KS debatthefte 2024:

AVRØYSTING:

Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 15/2024 Innspel til KS debatthefte 2024:

Osterøy kommune sitt innspel til debatthefte er som følgjer:

1. Kommunane må ha ein meir lik lønsdanning for same yrkesgrupper. Sjølv om garantilønstabellen i kapittel fire gir minimumsløn, byr kommunane over kvarande for den same arbeidskrafta. Kommunane må unngå å "konkurrerer" om den same arbeidskrafta. KS bør vurdere andre rekrutteringsordningar utover løn som kan stimulere til at fleire utdannar seg til utdanningsgrupper som er vanskeleg å rekruttere til. Det kan t.d. være redusert studielån. Kommunane byr i dag over kvarandre for å tiltrekke seg nødvendig kompetanse og betaler ut økonomisk stønad for dei som bryter bindingstid hos tidlegare arbeidsgjevar. Det same gjeld i avvikling av ferie – særleg sommar der ein gjer forsøk på å kompensere avvikling av ferie utanfor kritisk periode, kompensasjon for å auke deltidsstilling og rekrutteringstillegg i same periode. Det gjeld særleg stillingar innan helse
2. Osterøy kommune meiner at KS ikkje bør ha som mål om at Hovudtariffavtalen gir kommunane større handlingsrom for å etablere og fastsette arbeidstidsordningar for eigen lønspolitikk. Det gjelder særleg til kommunar som ligg tett der tilsette kan pendle mellom kommunar. Osterøy sin oppleving er at det aukar konkurransen mellom kommunar der løns og arbeidsvilkår blir særleg forhandla på og ein drivar mellom nærliggande kommunar.
3. Osterøy kommune meiner:
 - Det bør leggst til rette for fleksibilitet for korleis ein arbeider som 12 timars vakt, Nordsjøturnus med stor fleksibilitet. Bestemmingane i arbeidsmiljølova må tilpassast.
 - Ein bør ha ein arbeidsgjevarpolitikk som der ein unngår uønska deltidsarbeid.
 - Gi mogelegheit til å gjennomsnittsberekne arbeidstid over lengre periodar.

- **Vurdere stimuleringstiltak for lærlingar slik at det er attraktivt utdanningsveg**
- **KS bør fasilitere kompetanseheving for små kommunar**

PS 16/24 Årets Ostring

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 16/2024 Årets Ostring:

Alexander Thunestvedt, AP, sette fram slikt endringsframlegg:

"- Prisvinnaren må vere busett i/ ha sterk tilknytning til Osterøy kommune

- Prisvinnaren har gjort ein innsats for lokalsamfunnet

- Prisvinnaren har gjort ein innsats for fleire grupper og på fleire område

- Det er mogeleg å vise til konkrete døme for korleis prisvinnaren har påverka lokalsamfunnet

positivt

- Prisvinnaren bør ha gjort ein innsats innan frivillig arbeid, men andre faktorar (som innsats i

næringslivet) kan vere ein tilleggsfaktor. Der ein næringslivseigar er aktuell for prisen, bør denne hatt eit lokalsamfunnsfokus utover bedrifta.

- Prisvinnaren har bidrege til å sette Osterøy på kartet."

Sebastian Haugland, H. sette fram slikt endringsframlegg:

"Prisen vert ein prissum."

Alexander Thunestvedt, AP, sette fram slikt endringsframlegg:

"Prisen vert ein fysisk pris."

AVRØYSTING:

Alexander Thunestvedt, AP, sitt endringsframlegg om kriterier vart samrøystes vedteke.

Sebastian Haugland, H, sitt endringsframlegg om pris form fall - 3 røyster (FRP, H)

Alexander Thunestvedt, AP, sitt endringsframlegg om pris form vart vedteke - 4 røyster

Kommunedirektøren sin innstilling om delt pris form (fysisk og prissum) fall - ingen røyster

Kommunedirektøren sin innstilling med vedtekne endringane vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 16/2024 Årets Ostring:

Kulturprisen endrar namn til Årets Ostring. Retningslinjer for tildeling vert vedteke slik dei ligg føre. Kommunedirektøren får i oppdrag å sette ned ein komité på tre personar som skal lyse ut og gjennomføre ein konkurranse for å utforme ein fysisk pris.

Endring av kriterier:

- Prisvinnaren må vere busett i/ ha sterk tilknytning til Osterøy kommune
- Prisvinnaren har gjort ein innsats for lokalsamfunnet
- Prisvinnaren har gjort ein innsats for fleire grupper og på fleire område
- Det er mogeleg å vise til konkrete døme for korleis prisvinnaren har påverka lokalsamfunnet

positivt

- Prisvinnaren bør ha gjort ein innsats innan frivillig arbeid, men andre faktorar (som innsats i næringslivet) kan vere ein tilleggsfaktor. Der ein næringslivseigar er aktuell for prisen, bør denne hatt eit lokalsamfunnsfokus utover bedrifta.
- Prisvinnaren har bidrege til å sette Osterøy på kartet.

Endring av form for pris:

Prisen vert ein fysisk pris.

PS 17/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 17/2024 Andre saker/spørsmål:

Ordføraren hadde slik sak:

"Industri- og næringslaget har kontakta alle dei politisk partia på Osterøy med eit ønskje om å få sett på moglegheita for å få ein bompengepakke på Osterøy for å bedre infrastrukturen i kommunen.

Mitt forslag er at vi inviterer inn fylkeskommunen til å informere om kva alternativ vi har."

Formannskapet var samrøystes i at ordføraren kan ta kontakt med fylkeskommunen med invitasjon til å kome for å orientere om mogleg bompengepakke i kommunen.

Sebastian Haugland, H, hadde spørsmål om planstrategi?

Kommunedirektøren svarte.

Sebastian Haugland, H, hadde spørsmål om ein stillingsutlysning.

Kommunedirektøren svarte.

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2024 av sak 17/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vart ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

Til å signere møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Ann Kristin Borge og Kim Andre Hartveit